

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
087/14	Levekårsutvalet	PS	28.10.2014
104/14	Kommunestyret	PS	27.11.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Per Ole Ekker	14/6934

## Spelemidlar 2015 - prioritering

### Rådmannen sitt forslag til vedtak;

Lindås kommune prioriterar dei aktuelle søknadane for 2015 slik:

#### Ordinære anlegg

**Prioritet 1** Fleirbrukskall Lindås – Lindås kommune

**Prioritet 2** Kunstgras Alversund skule – Lindås kommune

**Prioritet 3** Lindås skyttarbane 300 m – Lindås skyttarlag

**Prioritet 4** Skileikanlegg Ganlesætra – Eikanger IL

#### Nærmiljøanlegg

**Prioritet 1** Frisbeegolfbane i Knarvik – Knarvik IL

### Levekårsutvalet - 087/14

#### LE - behandling:

Per Ole Ekker orienterte i saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### LE - vedtak:

#### Innstilling i Levekårsutvalet - 28.10.2014:

Lindås kommune prioriterar dei aktuelle søknadane for 2015 slik:

#### Ordinære anlegg

**Prioritet 1** Fleirbrukskall Lindås – Lindås kommune

**Prioritet 2** Kunstgras Alversund skule – Lindås kommune

**Prioritet 3** Lindås skyttarbane 300 m – Lindås skyttarlag

**Prioritet 4** Skileikanlegg Ganlesætra – Eikanger IL

## **Nærmiljøanlegg**

**Prioritet 1 Frisbeegolfbane i Knarvik – Knarvik IL**

### **Kommunestyret - 104/14**

#### **KO - behandling:**

Innstillinga frå levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

#### **KO - vedtak:**

Lindås kommune prioriterar dei aktuelle søknadane for 2015 slik:

Ordinære anlegg  
Prioritet 1 Fleirbrukshall Lindås – Lindås kommune  
Prioritet 2 Kunstgras  
Alversund skule – Lindås kommune  
Prioritet 3 Lindås skyttarbane 300 m – Lindås skyttarlag  
Prioritet 4 Skileikanlegg Ganlesætra – Eikanger IL  
Nærmiljøanlegg  
Prioritet 1 Frisbeegolfbane i Knarvik – Knarvik IL

#### **Saksopplysningar:**

#### **Politisk handsaming**

Saka har vore til orientering i Lindås idrettsråd – 29 sept 2014

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet – 28 okt 2014

Saka skal avgjerast i Kommunestyret – 27. nov. 2014

#### **Saksopplysningar:**

Tilskot frå overskotet av spelemidlane (Norsk tipping) kan delast ut til tiltak for anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Kulturdepartementet kunngjer kvart år reglar for bruk av pengane, som vert fordele gjennom fylkeskommunen.

Kommunen pliktar å gje idrettsrådet høve til å uttala seg om prioriteringa.

#### **Uttale frå Lindås idrettsråd:**

Lindås idrettsråd (LIR) har i styremøte 29. sept. d.å. blitt orientert av idrettskonsulenten om dei ymse spelemiddelsøknadane for 2015 som lå føre på nevnte dato. LIR sin uttale er:

- Søknad om spelemedialar til ordinære anlegg og nærmiljøanlegg tek rådet til etterretning.
- Rådet saknar søknader som omhandlar rehabilitering av anlegg frå kommunen si side, kfr. etterslep slik det framkjem i gjeldande Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø i Lindås kommune.

### **Vurdering:**

Kommunen skal levera prioriterte søknader for komande omgang fullstendig og med alle godkjenningar og dokumentasjon (m.a. for finansiering) til fylkeskommunen innan 15.01.15. Berre søknader som stettar krava frå Kulturdepartementet kan vera med når kommunen sender søknadene. Tiltak må vera med i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø i Lindås kommune.

På grunn av tidspunkta for utvalsmøte og kommunestyremøte med tilhøyrande freistar kjem denne saksframstillinga vel tre månader før leveringsfristen 15.01.14. Ein del av framstillinga må difor ta atterhald om vilkår som kan oppfyllast innan fristen.

Hordaland fylkeskommune har eit etterslep på spelemiddelsøknadar. Grunna store investeringar på anleggssida i Lindås kommune vil nokre av søknadane verte fornya kvart år, inntil midlane vert fullt utbetalte.

**Ordinære idrettsanlegg** kan få eit tilskot på 1/3 av anleggskostnaden, avgrensa oppetter av eit tak departementet fastset for kvar anleggstype. I 2014 blei det innvilga spelemedialar for ordinære anlegg til Lindås kommune på tilsaman kr 2 000 000,-

**Nærmiljøanlegg** (uteanlegg etter liste frå departementet) skal prioriterast på ei liste for seg, med utsikt til 50 % tilskot. Maks søknadsgrense er 300.000,-. I 2014 blei det innvilga spelemedialar for nærmiljøanlegg i Lindås kommune på tilsaman kr 123 000,-

Ordninga **Mindre kostnadskrevjande anlegg** fall bort pr 1 jan 2014. Det skal nemnast at Lindås kommune, og lag og organisasjonar i kommunen, fekk tilsaman kr 49 000,- frå denne ordninga i perioden okt-des 2013. Dette blir nevnt her av di tilsagn frå fylket kom inn etter politisk handsaming hausten 2013.

Det er innvilga tilsaman 2.123.000,- i spelemedialar i 2014. Av dette er 2.000.000,- til Lindås kommune og 123.000,- til lag og organisasjonar.

## **Søknadsrunde 2015 – prioritering ordinære anlegg (total søknadssum 8.816.000,-):**

**Prioritet 1** Fleir brukshall Lindås – Lindås kommune (kostnad 46,8 mill – ca 10 mill i tilskot)  
Ferdig bygd

- 2011 - avslag på søknad (søknadssum 7 mill)
- 2012 - avslag på søknad (søknadssum 7 mill)
- 2013 - innvilga 2 mill (søknadssum 7,7 mill)
- 2014 – innvilga 2 mill (søknadssum 5,7 mill)
- 2015 – fornny søknad på 5,7 mill (sum avheng av revidert kostnad)

**Prioritet 2** Kunstgras Alversund skule – Lindås kommune (kostnad 6 mill – gir 1 mill i tilskot)  
Ferdig bygd

- 2012 - avslag på søknad
- 2013 - avslag på søknad
- 2014 - avslag på søknad
- 2015 - fornny søknad på 1 mill

**Prioritet 3** Lindås skyttarbane 300 m – Lindås Skyttarlag (kostnad 400.000,-) Ferdig bygd

- 2012 - avslag på søknad
- 2013 - avslag på søknad
- 2014 - avslag på søknad
- 2015 - fornny søknad på 136.000,-

**Prioritet 4** Eikanger IL – Skileikanlegg Gammlesætra byggetrinn 1 (kostnad 1.980.000,-)  
Planlagt

- 2015 – ny søknad kr 1.980.000,-

## **Søknadsrunde 2015 – prioritering nærmiljøanlegg (total søknadssum 40.000,-)**

**Prioritet 1** Frisbeegolfbane i Knarvik – Knarvik IL (kostnad ca 80.000,-) Ferdig bygd.

- 2015 – ny søknad 40.000,-

## **Kommentar:**

Det er for både Skileikanlegget og Frisbeegolfanlegget ikkje komne inn søknad til kommunen gjennom departementet sin søknadsportal når saka skrivast. Idrettskonsulenten er godt orientert om status på begge søknadane, og vil følgje dette opp fram til politisk handsaming.

**Vurdering av miljøkonsekvensar:**

Saka har ingen kjende miljøkonsekvensar